


Lytting C2



Fyll inn datoar i rutene etter kvart som du set deg mål og når dei.

Mitt mål	Språk:	Dette kan eg		
		litt	ganske godt	veldig godt
Dato:				
	Eg har ingen problem med å forstå munnleg språk, sjølv når det blir snakka forholdsvis fort.			
	Eg kan forstå aksentar og dialektar som avvik noko frå standardspråket, dersom eg kan bruke litt tid på å venje meg til dei.			
	Eg kan forstå dei aller fleste filmar, teaterstykke og TV- og radioprogram utan problem.			
	Eg kan forstå framlegginga av ein rapport eller det som blir sagt på ein konferanse eller i eit foredrag, sjølv om eg ikkje er kjend med temaet på førehand.			
	Eg kan forstå kompliserte instruksar, sjølv om eg ikkje kjenner til dei aktuelle tenestene på førehand.			
	Eg kan forstå dei aller fleste idiomatiske uttrykk og daglegdagse vendingar eg høyrer.			





Lesing C2

Fyll inn datoar i rutene etter kvart som du set deg mål og når dei.

Mitt mål	Språk:	Dette kan eg		
		litt	ganske godt	veldig godt
Dato:				
	Eg kan oppfatte ordspel og bruk av ironi eller satire og forstå tekstar med skjult budskap.			
	Eg kan forstå tekstar som er skrivne på svært uformelt språk, og som inneheld mange idiomatiske uttrykk og mykje slang.			
	Eg kan forstå bruksretteiingar, regelverk og kontraktar, også når eg ikkje kjenner spesielt godt til fagområdet.			
	Eg kan lese tekstar i ulike sjangrar (poesi, prosa, skodespel) frå forskjellige litterære periodar.			
	Eg kan lese komplekse tekstar som for eksempel kronikkar og satiriske innlegg med indirekte og tvitydig budskap.			
	Eg kan kjenne att forskjellige litterære grep som ordspel, metaforar, konnotasjonar, symbol eller tvitydige utsegner, og sjå korleis dei påverkar teksten.			



Munnleg samhandling C2

Fyll inn datoar i rutene etter kvart som du set deg mål og når dei.

Mitt mål	Språk:	Dette kan eg		
		litt	ganske godt	veldig godt
Dato:				
	Eg kan utan anstrenging delta aktivt i kva samtale, diskusjon eller debatt som helst med personar som har dette språket som morsmål.			
	Eg kan tilpasse språk, tone og gestar til dei personane eg snakkar med, og til samtalekonteksten.			
	Eg kan reagere spontant på ei uventa oppringing og utan anstrenging bruke riktig språkregister.			
	Eg kan forstå og bruke idiomatiske og kvardagslege uttrykk og er bevisst på kva implisitte betydingar dei har, og kva for assosiasjonar dei kan vekkje.			
	Eg kan uttrykkje meg naturleg og utvunge, og dersom eg leitar etter eit ord, kan eg gå tilbake og formulere meg på nytt så smidig at samtalepartnaren min nesten ikkje legg merke til det.			

Munnleg produksjon C2

Fyll inn datoar i rutene etter kvart som du set deg mål og når dei.

Mitt mål	Språk:	Dette kan eg		
		litt	ganske godt	veldig godt
Dato:				
	Eg kan gi ein klar og velstrukturert presentasjon der eg vidareformidlar detaljert informasjon, argument og påstandar henta frå forskjellige kjelder.			
	Eg kan greie ut om diverse saksforhold, presentere forskjellige synspunkt, understreke viktig informasjon og eliminere tvitydige uttrykk, for eksempel i eit foredrag.			
	Eg kan uttrykkje meg naturleg og utvunge, og dersom eg leitar etter eit ord, kan eg gå tilbake og formulere meg på nytt så smidig at tilhøyrarane mine nesten ikkje legg merke til det.			
	Eg kan bruke idiomatiske og kvardagslege uttrykk på ein svært sikker måte og er bevisst på kva implisitte betydingar dei har, og kva for assosiasjonar dei kan vekke.			
	Eg kan uttrykkje meg grammatikalsk riktig, sjølv om eg bruker komplekst og avansert språk og merksemda mi er retta mot noko anna.			

Skriving C2

Fyll inn datoar i rutene etter kvart som du set deg mål og når dei.

Mitt mål	Språk:	Dette kan eg		
		litt	ganske godt	veldig godt
Dato:				
	Eg kan skrive velstrukturerte og velskrivne rapportar og artiklar om komplekse tema.			
	Eg kan skrive ein rapport eller eit essay om emne eg har studert, der eg oppsummerer andre side meiningar, jamfører dei med relevant informasjon og sjølv kommenterer dei aktuelle problemstillingane.			
	Eg kan skrive ein klar, velstrukturert og grunngitt kommentar til eit arbeidsdokument eller ei prosjektbeskriving.			
	Eg kan skrive kritikkar av filmar, musikk, teaterstykke, litteratur og radio- eller TV-program.			
	Eg kan oppsummere faktatekstar og litterære tekstar.			
	Eg kan beskrive eigne opplevingar på ein slik måte at språket flyt godt, og bruke passande stil og sjanger.			
	Eg kan uttrykkje meg klart og strukturert i formelle brev om komplekse saksforhold, for eksempel i søknader, klager, tilbod eller rapportar.			
	Eg kan uttrykkje meg med ironi, tvitydige utsegner og humor.			